



ÅRDAL KOMMUNE  
Statsråd Evensensveg 4-6  
6885 ÅRDALSTANGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Halvor Røssum, 5764 3144

## Referat frå oppfølgjande møte med grunneigarar Årdal om ei mogeleg utviding av Jotunheimen

**Tid og stad:** Kulturhuset i Øvre Årdal, 2. mai 2023, kl. 14.00 – 16.00.

### **Deltakarar:**

- Grunneigarar: Arnt Otto Øygarden, Terje Hetle, Sveinung Haug, Nils Midtun, Johnny Gjerde, Jo Inge Fuglesteg, Ruth Marit Saur, Jostein Holsæter, Øyvind Hjelle, ein representant for Olaug da Silva, Kjell Eldegard, Jasmin Eminovic (for Årdal Fjellstyre).
- Frå Årdal kommune: Stig Stark-Johansen (kommunedirektør) og Jorunn Teigen Hellem (kommuneplanleggar)
- Frå Statsforvaltaren i Vestland: Eline Orheim (seksjonsleiar), Anne-Marie Colban (seniorrådgjevar), Halvor Røssum (rådgjevar)

### **Referat:**

#### Orientering frå Statsforvaltaren:

Statsforvaltaren v/ Eline Orheim ønska velkommen.

Statsforvaltaren v/ Halvor Røssum orienterte om oppdraget vi har fått knytt til ei mogleg utviding av nasjonalparken og ei mogleg omgjerding av verneform for delar av Utladalen landskapsvernområde, før vi presenterte dei naturkvalitetane og brukarinteressene vi kjenner til i området per no. Deretter vart den vidare prosessen skissert.

Ein verneplanprosess vil ikkje bli satt i gang utan at kommunen seier ja til dette. Ein viktig del av ein eventuell verneplanprosess er å innhente meir kunnskap om naturverdiar og brukarinteresser i området. Om kommunen seier ja til å starte verneplanprosessen kan den likevel seinare i prosessen seie nei til vern av området. Ved eit eventuelt «nei» vil arbeidet med å utvide Jotunheimen nasjonalpark i Årdal kommune stoppe.



Statsforvaltaren presenterte eit kart over det aktuelle utgreiingsområdet. Kartet skisserer kva område som kan vere aktuelle for utviding og endring av verneform. Å avgjere kvar grensene kan gå vil vere ein del av den vidare verneplanprosessen, dersom det er aksept for å starte dette arbeidet.

Anne-Marie Colban, miljøjurist hjå Statsforvaltaren i Vestland, gjekk gjennom dei juridiske forskjellane på eit landskapsvernområde og nasjonalpark med utgangspunkt i naturmangfaldlova. Både dei overordna skilnadane mellom desse to verneformene, og dei meir praktiske konsekvensane av ei omgjerung av verneform vart presentert. Gjennomgangen vist at det ikkje er store skilnadar mellom grunneigars rådigheit i nasjonalparken og landskapsvernområdet for dei områda der det kan bli aktuelt å endre verneforma. Det er nokre større høve til inngrep og verksemd knytt til landbruket i landskapsvernområdet. Desse skilnadane vil ha liten praktisk betydning då områda som er aktuelle for endring av verneform er føreslått nettopp fordi det ikkje er stor landbruksaktivitet i området.

Ei meir detaljert gjennomgang av desse skilnadane finn du i presentasjonen som ligg på heimesidene våre. Her finn du og presentasjonen som vart brukt for å presentere oppdraget og orientere om prosessen: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/innleiande-dialog-om-mogeleg-utviding-av-jotunheimen/>

#### Innspel, spørsmål og svar

Stig Stark-Johansen, kommunedirektør i Årdal, stilte spørsmål om kor langt unna nasjonalparkgrensene ein kan gjer tiltak. Eline Orheim svarte at det ikkje er ei fastsett grense som bestemmer dette, men at det må gjerast ei vurdering opp mot formålet i verneforskrifta i kvart enkelt tilfelle. Det er kommunen er planmynde, men dersom nasjonale verdiar ikkje blir godt nok ivaretekne vil Statsforvaltaren koma med merknader til saka.

Grunneigar Øyvind Hjelle stilte spørsmål om kartet som viser områda som er aktuelle for omgjerung av verneform viser dei same områda som det var prat om på førre møte. Han meinte området som no vart presentert var eit større område enn det som vart skissert på førre møte. Halvor Røssum forklarte at kartet som viser områda som er aktuelle for endring av verneform berre skisserer dei aktuelle områda, men at kartet illustrerer det same området som var aktuelt for utviding sist. Det kan vere at dette vart for dårleg kommunisert på førre møte, då vi ikkje brukte kart for å vise kva område som var aktuelle.

Det vart stilt spørsmål om utvidinga av nasjonalparken i Årdal er avhengig av at Luster kommune seier «ja» for utvidinga i det som omfattar utvidinga i deira kommune. Eline Orheim svarte at ein verneprosess kan bli starta for areal i Årdal kommune utan at Luster kommune seier ja, og motsett. Verneprosessen i Årdal kommune er altså ikkje avhengig av eit «ja» i Luster kommune.

Jo Inge Fuglesteg, grunneigar, stilte spørsmål om eit eventuelt vindkraftanlegg kan setjast opp i nærleiken av ein nasjonalpark med omsyn til visuell forureining. Statsforvaltaren svarte at vindturbinar ikkje kan setjast opp innanfor vernegrensene, då dette er eit varig inngrep. I utgangspunktet vil verneforskrifta berre regulere aktivitet som er innanfor vernegrensene. I naturmangfaldlova § 49 heiter det at dersom verksemd på utsida av vernegrensene kan verke inn på verneverdiane i eit verneområde, skal omsynet til verneverdiane vektast når ein eventuelt gjer løyve til verksemda.



Statsforvaltaren understreka at både eit eventuell vindkraftanlegg og ei utviding av nasjonalparken vil krevje utgreiingar, og at slike prosessar kan gå parallelt. Det vart også presisert at nokre av areala som har vore omtalt i media har vore omtala som aktuelle for vindkraftanlegg, er villreinområde: dette gjeld både området kring Åsenosi og områda sør-vest for Sletterust. Villreinen er ein nasjonal ansvarsart som me har eit spesielt ansvar for å ivareta. I samband med kvalitetsnorm for villrein blir det laga ein rapport om villreinen sin arealbruk i desse områda. Villreinsenteret i nord er ansvarlege for dette arbeidet, og rapporten er forventa klar i haust. Rapporten vil vere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget om ein vel å starte ein verneprosess.

Øyvind Hjelle sa at det er viktig at grunneigarane får mogelegheit til å påverke prosessen, og peika på at grunneigarane kanskje burde ha juridisk assistanse som kan vera eit felles talerøyr inn mot kommunen og til ei høyring. Vidare stilte han spørsmål om korleis grunneigarane skal bli høyrte i den vidare prosessen, også i den fyrste fasa der saka skal behandlast av administrasjonen i kommunen. Det vart uttrykt bekymring for at grunneigarane ikkje kjem til å bli høyrte.

Kommunedirektør Stig Stark-Johansen sa at kommunen vil kalle inn til eit møte med grunneigarane, for å sikre at grunneigarane vert høyrte i denne fasa av prosessen. Øyvind Hjelle bad om at dette kom med i referatet. Om ønskeleg kan Statsforvaltaren bidra på eit slik møte. Kommunedirektøren peikte på at det hadde vore nyttig om grunneigarane hadde hatt ei referansegruppe.

Eline Orheim fortalte at Statsforvaltaren vil lage eit grunnlagsnotat som vi sender til kommunen før dei skal behandle spørsmålet om lokal aksept. I dette dokumentet vil prosessen til no bli oppsummert. Notatet vil presentere verneverdiane og brukarinteressene som vi kjenner til området i tillegg til ei oppsummering av dei møta vi har hatt og innspela vi har fått. Grunnlagsdokumentet kan ligge ved saka som skal politisk handsamast, om kommunen ønskjer det.

Øyvind Hjelle spurte kommunedirektøren kva det er som talar i mot eit vern. Kommunedirektøren svarte at Årdal er ein industrikommune, og at kommunen kan slita dersom eit vern fører til at det ikkje kan gjerast tiltak i naturen rundt. Dersom det skal bu folk her inne i Årdal må me ha energi.

Jo Inge Fuglesteg sa at han ikkje trur alle grunneigarane er einige i denne saka, men at det viktigaste er at grunneigarane blir høyrte. Han fortalte vidare at han er positiv til vern.

Øyvind Hjelle bad kommunen kalle inn til møte med grunneigarane.

Eline Orheim fortalte at det for Statsforvaltaren er viktig å bruke nok tid i denne fasen slik at alle kan ta eit opplyst val. Vidare sa ho at dette handlar om store globale prosessar, og at Noreg som nasjon har eit ansvar for å verna naturen. I den nyleg signerte naturavtala har ein forplikta seg til å verne 30 % av naturen, både til lands og til havs. I Noreg er dette talet i dag på om lag 17.5 %. Det vart stilt spørsmål om kva som skjer dersom Årdal kommune seier «nei» og ein nærmar seg 2030 og 30% av Noreg sitt areal ikkje er verna. Vil det enda i eit tvangsvern? Eline Orheim svarte at vetoretten kommunen har i denne prosessen neppe kjem til å forsvinne, vi har ikkje fått signal som tilseier det

Årdal Fjellstyre ved Jasmin Eminovic bad om døme på kommunar som har sagt nei til vern. Det vart opplyst frå Statsforvaltaren at Kvam herad i vinter sa nei til å starte prosessen med å opprette Øystesefjella nasjonalpark. På austsida av Jotunheimen sa fem kommunar nei til å starte prosessen med utviding av Jotunheimen nasjonalpark på sine areal, medan ein kommune sa ja. I Vestland har Masfjorden og Alver kommunar har sagt «ja» til å starte prosessen med Masfjordfjella nasjonalpark. Oppdatert informasjon om prosessane finne ein på heimesida vår.



Til slutt orienterte Statsforvaltaren litt om prosessen med eit marint vern av Sognefjorden, som går parallelt med det mogelege utvida vernet av Jotunheimen.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonsleiar

Halvor Røssum  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Mottakerliste:**

Jostein Holsæter	Fardalsvegen 375	6884	ØVRE ÅRDAL
Jo Inge Fuglesteg	Fardalsvegen 398	6884	Øvre Årdal
Ruth Marit Saur	Storevegen 59	6884	ØVRE ÅRDAL
Da Silva Olaus Marie	Korsmosvingen 53	2100	SKARNES
Sveinung Haug	Fardalsvegen 508	6884	ØVRE ÅRDAL
Johnny Gjerde	Fardalsvegen 450	6884	ØVRE ÅRDAL
Kjell Erik Eldegard	Flotavegen 6 A	6884	ØVRE ÅRDAL
ÅRDAL KOMMUNE	Statsråd Evensensveg 4-6	6885	ÅRDALSTANGEN
Arnt Otto Øygarden	Vesteigane 10	6884	Øvre Årdal
Terje Hetle	Utladalsvegen 466	6884	ØVRE ÅRDAL
Øyvind Hjelle	Hartmanns Vei 38 C	0284	OSLO
Nils Midtun	Farnesvegen 58	6884	ØVRE ÅRDAL
ÅRDAL FJELLSTYRE	c/o Jasmin Eminovc Haugavegen 18	6884	ØVRE ÅRDAL